



G 13/14-laget imponerer i Norway Cup! Kan dei gå heile vegen?

Rosendalslaga viste også i dag strålende innsats, og det var berre J13/14-laget som vart slått ut etter god innsats, men eit knepent tap. Særleg G13/14-laget imponerer, dei er i flott flyt og innkasserte to nye storsigrar. Mest dramatisk var det for Rosendal 2 i G15/16. Dei gjekk vidare med tap etter protest.

J 13/14 (7`ar)

A-sluttspel, 32.-delsfinale.

Rosendal - Nordre Land 1 - 2 (1 - 2).

Rosendal tok leiinga ved Mari Furdal, men Nordre Land kom sterkt tilbake og scora 2 ganger. Dermed vart det 1 - 2 tap, Og Norway Cup-eventyret er slutt for jentene etter flott innsats.

G 15/16 (7`ar)

B-sluttspel, 16.-delsfinale.

Rosendal 2 - FML 239 Formula 0 - 6 (0 - 4).

Rosendalsgutane fekk køyrt seg hardt i denne kampen, og dermed vart det eit klart tap. Det vart imidlertid meldt frå Ekebergsletta at Rosendal ville leggja inn protest. Motstandarane frå Russland skulle nemleg ha brukt 5 spelarar frå fyrstelaget sitt noko som ikkje er lov.

Det viste seg å stemme, protesten vart tatt til følge, og dermed er Rosendalslaget vidare. I staden for 0 - 6 tap vart resultatet sett til 3 - 0 siger.



G 15/16: Handshake for peace

A-sluttspel, 16.-delsfinale.

Rosendal 1 - Pasjane FK 4 - 0 (1 - 0)

I ein god kamp var Rosendal etterkvart det klart beste laget. Med 1 scoring før pause og 3 i 2.omgang, vart det ein imponerande 4 - 0 siger mot ein sterk motstandar. Dermed er det klart for 8.-delsfinale torsdag.

G 13/14 (7`ar)**A-sluttspel, 32.-delsfinale.**

Rosendal - Ullensaker/Kisa 2 5 - 1 (4 - 1)

Rosendalsgutane gjekk gjennom gruppespelet med berre singlar og imponerande 15 - 3 i målskilnad. I denne kampen krusa dei vidare og spelte ut motstandarlaget. Dei gjekk opp til 4 - 0 etter 3 mål av Mathias Guddal og 1 av Sondre S. Myklebust, før Ull/Kisa reduserte. Dermed var pauseresultatet 4 - 1. I 2.omgang scora Mathias nok eit mål, dermed har han 8 på dei 2 siste kampane, og dermed vart det ein ny storsiger til gutane.

A-sluttspel, 16.-delsfinale.

Rosendal - Hasundgot 5 - 0 (2 - 0).

I sin andre kamp for dagen fortsette laget i same stimen. Etter 2 - 0 ved pause vart sluttresultatet 5 - 0 til det gode smågutelaget. Av uskedelingane teikna Sondre S. Myklebust seg på scoringslista også i denne kampen.

J 15/16 (11`ar)**B-sluttspel, 16.-delsfinale.**

Rosendal - Bjørgum 6 - 2 (4 - 1).

Bjørgum som vert trena av rosendingen Geir Underhaug hadde lite å stille med, og etter markant Rosendalspress leia jentene heile 4 - 1 ved pause etter at Bjørgum reduserte heilt i slutten av omgangen. Sjølv om laget spelte i motbakke i 2. omgang, hadde dei full kontroll. Dei gav seg ikkje før sluttresultatet viste 6 - 2 siger. Imponerande!



[Mange Rosendalsupporterer på sidelinja. Stadig fleire tar turen over fjellet...](#)

Det er tydeleg at live-oppdateringane frå kampane på facebooksidea til Rosendal Turnlag er populær. Talet på dei som likar sida har auka mykje medan Norway Cup har pågått.

Kanskje det er på tide med eit Kvinnheradslag i ein finale att? Det er ei stund sidan sist, men det verkar som mulighetene kan vera til stades i år med den flyten eit par av laga har. Det vert spennande dagar framover!

Av: Thor Inge Døssland

Foto: Rosendal Turnlag